

Til kommunar og fylkeskommunar

Dato: 22.06.2023

Tilbod om opplæring for dei nye eldreråda

I første og andre kvartal 2024 tilbyr Senteret for et aldersvennlig Norge opplæring av de kommunale og fylkeskommunale eldreråda i heile landet. Her får dei innsikt i korleis dei kan bidra til aldersvennleg samfunnsutvikling og sikre ei sterkare stemme i saker som påverkar eldre.

Det har vore etterlyst meir opplæring retta mot eldreråda og deira arbeid og oppgåver. Tilbodet vil ta sikte på å gjere dei nyvalde eldreråda trygge i si rolle, og korleis dei skal ta del i prosessane som ligg til grunn for å skape eit meir aldersvennleg lokalsamfunn.

Kombinasjon av digitale og fysiske samlingar

Tilbodet vil være todelt. Den første delen skal gjennomførast på nett, fortrinnsvis i samla eldreråd. Denne delen legg grunnlaget for del to, som er ei fysisk samling for eldreråda i kvar enkelt region.

Den fysiske samlinga vil primært ta for seg dei emna som ligg i å skape aldersvennlege lokalsamfunn; bustad, transport, planarbeid, uteområde og universell utforming, medverknad, kommunikasjon og samfunnsdeltaking. Å bli eldre handlar om langt meir enn helse- og omsorg. Dei fem ulike innsatsområda tydeleggjer at aldersvennleg utvikling omfattar ei rekkje ulike kommunale sektorar.

Det blir også lagt opp til gode diskusjonar, refleksjon og erfaringsutveksling.

Fordjuping

Tilbodet er utarbeid på oppdrag frå Regjeringa, som på denne måten ønskjer å styrke medverknaden og påverknaden frå den eldre delen av innbyggjarane i kommunen i saker som er relevante og angår dei. Opplæringa vil óg være nyttig for andre kommunale/fylkeskommunale folkevalde og administrative medarbeidarar.

Opplæringa skal skje i samarbeid mellom Senteret for et aldersvennlig Norge (som er ein seksjon i Helsedirektoratet), Pensjonistforbundet, KS og andre seniororganisasjonar. Tilbodet

vil passe godt som fordjuping og oppfølging av den generelle opplæringa for folkevalde og dei lovpålagde rådgivande organa i kommunen/fylkeskommunen.

Tilbodet er gratis. Reiseutgifter til den fysiske samlinga blir ikkje dekt av arrangør.

Meld interesse

Det kjem meir informasjon om innhald og den praktiske gjennomføringa rett over sommaren. Dersom det alt no er kommunar/fylkeskommunar som tenkjer dei vil nytte seg av dette tilbodet, ta kontakt med prosjektleiar Ingrid Køhler Knutsen på e-post:

ingrid.kohler.knutsen@helsedir.no

Med vennleg helsing

Wenche Halsen



Leiar Senteret for et aldersvennlig Norge